

NVE  
Konsesjonsavdelingen  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Utbygging av Håtveitåi, ref. NVE 200905347

Me viser til befaring med NVE i samband med utbygging av Støyldalen og Klovesfoss kraftverk 4. juni 2014. Som grunneigarar langs åa ynskjer me med dette å uttrykke vår støtte til prosjektet og presisere viktige positive sider ved utbygginga som ikkje i tilstrekkeleg grad kom fram under befaringa.

- Straumnettet på vestsida av Nisser er svært ustabil. Det er stadig kritiske straumbrot som fører med seg store ulemper, for privatpersonar, men ikkje minst for næringsdrivande. 2 av oss grunneigarane driv med camping / hytteutleige og ein av oss har eit hyttefelt med 30 privathytter. Med straumstans over eitt døgn som me hadde i vinter fordi me ligg nesten sist på ei lang tilførselsline, medfører dette store problem for drifta. Ei utbygging vil forbedre forsynings situasjonen og driftssikkerheiten i vesentleg grad. Dette er veldig viktig for Fjonegrenda og oss næringsdrivande og etter vår meining eit heilt avgjerande argument for ei utbygging.
- Ei utbygging vil være eit viktig bidrag for å sikre inntektsgrunnlaget for oss 3 grunneigarar langs vassdraget.
- Prosjektet vil gje positive ringverknader for lokalsamfunnet og sikre næringsgrunnlaget i regionen. Me veit frå tilsvarende utbyggingar i Nissedal/Fyresdal at lokale entreprenørar har fått viktige oppdrag, og dei 2 kraftverka vil sikre arbeid i form av drift for dei som allereide er tilsett hjå Skagerak på Fjone Kraftverk.
- Kraftverka planlegg bruk av eksisterande vegar i samband med utbygginga. Dermed vert Skagerak også med på å dekke vedlikehald/brøyting i veglaget Mesel-Håtveitvegen, noko som er av økonomisk betydning for alle grunneigarar i vegsystemet.
- Kraftverka vil i liten grad verte synlege frå bygda og viktige ferdselsårer/ friluftsområde.
- Etter som begge kraftverka må ha eit minstevolum for å kunne drivast, vil minstevassføringa bli like god som tidlegare i dei periodar det er for lite vatn til å køyre verka. Ved drift vil minstevassføringa også bli god, då det særleg ved det øvste kraftverket kjem inn store sidebekkar like nedanfor

inntaket.

Til slutt vil me presisere at folk i Fjonegrenda kun med eitt unntak har vore udelt positive til ei utbygging.

Me vonar med dette at NVE ser positivt på søknaden og gjev konsesjon til utbygging av Støylaldalen og Klovefoss kraftverk.

Fjone 15.juni 2014.


Med vennleg helsing

Leif Halvor Haugstøyl



Mai-Lisbet

Gisletveit



For Åshild Reime,

Bjarne Reime

